



Saksdokumenter:

Rapport nr. 32/2009 **Kjetil Aano**  
Rapport frå møte i Sentralkomiteen i Kyrkjenes Verdsråd,  
august/september 2009

## Saker i de økumeniske organisasjonene

### **Kirkenes Verdensråd (KV)**

#### **Forslag til vedtak**

Mellomkirkelig råd tar Rapport frå møte i Sentralkomiteen i Kyrkjenes Verdsråd,  
august/september 2009 til orientering.



**Rapport frå møte i Sentralkomiteen i Kyrkjenes Verdsråd,  
august/september 2009  
v/Kjetil Aano**

La meg aller først uttrykka at vi med god grunn kunne vera stolte over å vera norske under sist møte i sentralkomiteen. Vi var stolte på vegne av vår kyrkje og på vegne av Olav Fykse Tveit som på ein framifrå måte representerte oss alle.

Det er ingen tvil om at Olav Fykse Tveit hadde gjort eit svært godt inntrykk under heile rekrutteringsprosessen. Det var også gjort eit visst lågmælt lobbyarbeid. Det var medvite at det var lågmælt, og slik skilde det seg tydeleg frå det den andre finalekandidaten sto for. Likevel var det på ingen måte opplagt kven som ville bli valt til KV-sjef. Som einaste norske representant hadde eg høve til å vera med under sesjonen der dei to kandidatane fekk presentera seg. Det blei avgjerande. Olav heldt ein tale der han var intellektuelt klar, og der han samtidig rørte ved heile registeret av menneskets sanseapparat. "He touched our hearts" kommenterte Bao JiaYuan, ein av dei to representantane frå China Christian Council, til meg etterpå. Då Olav var ferdig med talen sin og forlot sentralkomitésalen, var eg personleg overtydd om at han ville bli valt.

Og det blei han. Han står over store oppgåver som eg er viss på han vil takla rakt på og med gjennomføringskraft.

---

Men dersom eg skal oppsummera mine refleksjonar etter møtet i Geneve den 26. august til 02. september i år, vil eg framheva følgjande punkt:

Særleg tre røyster sto tydeleg fram:

**Utvida felt**

-Skal KV vera det instrumentet for kristen einskap som det blei skipa for å vera, er tida nå inne for å styrka kontakten med dei store og veksande kristne gruppene som ikkje er medlemmer i KV, og kanskje heller ikkje ønskjer å bli det. Greier vi ikkje det, står KV- med Fernando Enns, ein gammal økumenisk travar, sine ord – i fare for å bli irrelevant.

Erkebiskop Anastasios frå Albania uttrykte det same synspunktet slik: Vi kan ikkje vera nøgde med eit KV som lokale kyrkjer opplever som irrelevant, eller eit KV der halvparten av dei ikkje-katolske kristne står utanfor, og der heile den katolske kyrkja bare delvis er med!

Dette var den sterkaste stemmen eg høyrde under sentralkomitémøtet som blei avvikla i Genève frå 26. august til 2. september i år. Og eg høyrde det frå ulike hald. Dette synspunktet var openbart viktig for sentralkomiteen.

Vårt Lands påstand om at KV stenger dørene for den evangelikale og pinsekarismatiske verda stemmer derfor dårleg med mitt inntrykk. Dette synspunktet var også avgjerande for at sentralkomiteen valde Korea som stad for neste generalforsamling. Biskop Stephen, metodist frå Nigeria sa det slik: - Vi må dra

til Korea for der vil vi bli inspirert til å gjera det vi som kyrkjer og kristne er kalla til: Å gjera disiplar av alle folk!

Og fader George, ortodoks frå India sa: Eg har mange gonger blitt utfordra av koreanske kristne sin lidenskap og trusiver. Ei slik utfordring treng vi alle, og det treng vårt fellesskap.

### **Ortodoks bekymring**

Den andre stemmen eg høyrde, er betydelege spenningar mellom ulike tradisjonar, og der ein del grupper, truleg med overvekt frå ortodoks side, og kanskje særleg med basis i Midtausten, fryktar at dei skal bli marginaliserte i den organisasjonen som er deira dør til det vidare kristne fellesskapet. Utan at vi skal overdriva denne otten, er dette er noe ein skal ta på alvor. Det ortodokse nærværet i organisasjonen er på same tid både viktig og utfordrande for det globale kristne fellesskapet KV representerer. Og samtidig representerte fleire av dei som sterkast understreka behovet for større opning mot denne delen av kristenheten, også ortodokse kyrkjer.

### **Etisk og diakonal styrke**

For det tredje høyrde eg også ein sterk vilje til å styrka fellesskapet mellom kyrkjer, både ved å halda oppe arbeidet for synleg einskap, men også som kyrkjer å våga å gå inn i saker av etisk karakter og med politisk sprengkraft. Det vil sikkert vera usemje om kva saker det er viktig at dette fellesskapet tar opp. Likevel var det interessant å merka seg både breidda i saker og medvitet om kva verkemiddel ein brukar i forhold til ulike saksområde. Her vidarefører KV tydelegvis ein sterk tradisjon for grundig arbeid.

I dette arbeidet var to faktorar slåande: Det første var at heile kyrkjefamilien stilte seg bak den sterke tolkinga av kyrkja sine etiske utfordringar i høve til samfunnet, både lokalt, nasjonalt og globalt. Her arbeider ein i god KV-tradisjon. Frå evangelikalt hald blir KV til tider klaga for å ha eit einsidig fokus på konflikten i Midtausten, og i tillegg til å ha ein eindimensjonal tilnærming til denne saka. Også denne gongen uttalte KV seg om denne saka. Etter mi meining skjedde det på sakleg grunnlag og med dekkande ord. Ein kan sjølv sagt diskutera om ei formulering i Sam Kobias foredrag var klok: Han brukte same ord om Israels folkerettsleg ulovlege bygging i Palestina som KV tidlegare har nytta om apartheid og jødeforfølgning under krigen. Denne saka blei fanga opp, og det kom ein eigen uttale om Midtausten frå møtet. La meg også nemna to andre saker som komiteen uttalte seg om: Først om forfølgning av kristne. Med utgangspunkt i ein kritisk situasjon i Pakistan kom sentralkomiteen med eit fråsegn der ein tok sterk avstands frå all forfølgning av kristne, og peikte på at dette noen stader er eit aukande problem. (Her er det naturleg å visa til den fellesuttalen som kom frå MKR og Islamsk råd i Noreg om situasjonen for kristne i Pakistan). Det kom også ei sterk erklæring om seksualisert vald i Kongo, der også kyrkjene sitt ansvar blei understreka.

I alle desse fråsegnene var det oppmuntrande å registrera energien som blei lagt inn i arbeidet med å finna eit etisk og diakonalt - og ikkje bare politisk - språk.

## **Spennande fellesskap, omstendelig struktur og sviktande inntekter**

Olav Fykse Tveit står overfor ein spennande og viktig organisasjon som på mange måtar peikar framover og utover. Men samtidig står han overfor store utfordringar med å få dei sprikande forventningane til å henga saman. Eg trur at han vil makta å gjera mykje. Men det vil også krevja innsats av oss – og alle som valde han.

For lett er det ikkje. Spenningane er mange i KV. Men det er også ein styrke og speglar det faktum at fellesskapet er ope for kyrkjer med svært ulike tradisjonar: Her er uavhengige afrikanske kyrkjer bygde opp rundt ein karismatisk leiar utan demokratisk struktur, men med klar vedkjenning. Her er mange afrikanske og asiatiske kyrkjer med sterke evangelikale tradisjonar. Her er moderne europeiske og amerikanske kyrkjer styrde etter fleirtalsvedtak i politisk/demokratisk tradisjon, og her er ortodokse grupper som tydeleg lever i ei før-moderne ånd og som ikkje handlar før dei er einige.

## **Konsensus som modell og ramme**

Dette har ført til at KV blir styrt etter ein metode alle kan godta: Konsensusmodell. Det betyr at ein ikkje kan gå vidare i noen saker utan at alle godtar utfallet. Det er gjort noen unntak for val og visse andre ting. Ofte går dette forunderleg bra. Samtidig er det ingen tvil om at det er kompliserande, og at når motsetningar blir sette på spissen, kan det fort brukast som tilnærma vetorett.

Dette såg vi under årets sentralkomitémøte - særleg knyta til to felt: Det første var komiteen som avga rapport om strukturendringar, og foreslo meir lettbeinte styringsstrukturar; like eins blei det tydeleg i arbeidet med å få til samkjøring mellom ulike økumeniske organisasjonars generalforsamlingar. Skepsisen til forandring var stor, og det kravde høg kompetanse frå møteleiar si side å komma noe vidare. (Arbeid med lovar og reglar er komplisert nok etter vanleg demokratisk prosedyre. Men å vedta lovendingar etter konsensusmetodar krev meir enn vanleg tolmod og visdom.)

Etter å ha deltatt på mitt første møte i sentralkomiteen i Kyrkjenes Verdsråd (KV) er eg meir overtydd enn noen gong om at KV er eit instrument som kan styrka dei kristne kyrkjene sitt arbeid for einskap og den kristne røysta i samfunnet, både lokalt og globalt.

Kjetil Aano,

Genève, 2. september 2009/ Stavanger 29. september 2009

► Påstanden om at KV stenger dørene for evangelikale og pinsekarismatiske kristne, stemmer derfor dårleg med mitt inntrykk.

# KV viktig med norsk leiar



GLOBALT PERSPEKTIV  
KJETIL AANO

**FOR FØRSTE GONG** har Kyrkjenes Verdsråd (KV) fått ein norsk generalsekretær. Han står overfor store oppgåver. Fordi KV er viktig, er det ei vesentleg oppgave for Den norske kyrkja å gjera alt som er råd for å gjera han god.

Sist månads skiftet deltok eg på mitt første møte i sentralkomiteen i KV. Sjølv om den kyrkjelege geografien har endra seg, og KV ikkje er aleine om å representera økumenisk arbeid, er organisasjonen viktig. Men sine 350 medlemskyrkjer med til saman 560 millionar medlemmer frå 110 land og er KV den største kristne organisasjonen utanom Den romersk-katolske kyrkja.

**VERDA OG** kyrkjene treng ein organisasjon som dette. Det blei etter mi meining stadfesta av dei røystene eg hørde i Geneve. La meg nemna noen:

For mange er der viktig at KV utvider perspektivet: – Skal KV på meningsfull måte fremja kristen einskap, er tida nå inne for å styrka kontakten med dei store og veksande kristne gruppene som ikkje er medlemmer, hevda Fernando Enns, leiaren for Mennonittane i Tyskland. Og Erkebiskop Anastasios frå Albania fulgte opp: – Vi må visa at KV er relevant både for våre medlemmer og andre på bakkenivå, hevda han.

**DETTE SOM VAR** den sterkaste stemmen eg hørde under møtet. Påstanden om at KV stenger dørene for evangelikale og pinsekarismatiske kristne, stemmer derfor dårleg med mitt inntrykk. Auka kontakt med denne delen av kyrkjerøyndommen var eit vesentleg argument då



NYTTILSETT: Olav Fykse Tveit står overfor store oppgåver som ny generalsekretær for Kyrkjenes Verdsråd. Foto: KV

sentralkomiteen valde Korea som stad for neste generalfor-samling. Biskop Stephen, meto-dist frå Nigeria sa: – Vi må dra til Korea, for der vil vi bli inspirert til å gjera det vi som kyrkjer og kristne er kalla til: Å gjera disiplar av alle folk! Og fader George, ortodoks frå India la til: – Eg har mange gonger blitt utfordra av koreanske kristne sin lidenskap og trusiver. Ei slik utfordring treng vi alle og det treng vårt fellesskap!

**DET ANDRE STEMMEN** eg hørde, er spenningar mellom ulike tradisjonar. Noen av dei ortodokse, særleg dei med basis i Midt-Austen, fryktar at dei skal bli marginaliserte i den organisasjonen som er deira viktigaste dør til det vidare kristne fellesskapet. Dette er noe ein skal ta på alvor. Det ortodokse nærværet gir organisasjonen røter og breidde. Samtidig er det utfor-

drande, og stiller sterke krav til form og innhald i arbeidet.

**FOR DET TREDJE** hørde eg også ein sterk vilje til å styrka fellesskapet mellom kyrkjer, både ved å halda oppe arbeida for synleg einskap, men også ved å gå inn i saker av etiske karakter og med politisk sprengkraft. KV protesterer mot at vernegerdet på Vestbreidda er plassert i strid med gjeldande folkerett. Det er viktig både politisk og etisk og for dei kristne i Midtausten. Like viktig var protesten mot forfølgning av kristne, med særleg vekt på Pakistan; og ropet mot systemisk og seksualisert vald mot kvinner og barn i Kongo.

**DET ER SLÅANDE** at heile kyrkjefamilien stilte seg bak den sterke tolkinga av kyrkjas etiske utfordringar i høve til samfunnet, både lokalt, nasjonalt og glo-

balt. Samtidig blei det lagt mye energi i arbeidet med å finna eit etisk og diakonalt - og ikkje bare politisk - språk når ein som KV tok opp slike saker.

Alle dei nemnde områda speglar spenningar og ulike ståsteder, både utanfor og innanfor KV. Olav Fykse Tveit står overfor store utfordringar med å få den sprikande forventninga til å henga saman. Men samtidig får han ein einestående mulighet til å påverka og å styra utviklinga i ein spennande og viktig organisasjon.

Kjetil Aano er generalsekretær i Det Norske Misjonsselskap

## Skribenter:

- Hans Thore Løvaas • Rolf Ekenes • Andreas Nordli • Berit Helgøy Kloster
- Hjalmar Bø • Ingulf Diesen • Kjetil Aano • Bjorn Bjørne